



Notat

Dato: 23.08.2016
Arkivsak: 2016/2594-13
Saksbehandlar: chaespe

Til: KIRU

Frå: Fylkesrådmannen

Kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen 2016-2017

Innleiing

Elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring får kvart år oppleve profesjonell kunst- og kultur i skuletida gjennom Hordaland fylkeskommune (HFK) sitt kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen. Programmet omfattar scenekunst, visuell kunst, litteratur, film, musikk og kulturarv, og formidlinga skjer på skulen, på bokbåten Epos, og på kunst- og kulturarenaer rundt i fylket.

Hovudmålsettinga med kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulane er at alle elevar skal få høve til å oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med håp om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

Den kulturelle skolesekken (DKS) og Rikskonsertane har no blitt Kulturtanken, Den kulturelle skolesekken i Noreg. Frå 2017 vil pengestraumen verte samla gjennom ei tildeling, men for skuleåret 2016-2017 er midlane til DKS tildelt som tidlegare, og er grunnlaget for størsteparten av Hordaland fylkeskommune sitt formidlingsprogram i skulen. – Kunst- og kulturformidlinga i skulane er basert på spelemidlar til DKS og samarbeidsavtale med Rikskonsertane, i tillegg til fylkeskommunale midlar.

Samansetting av program

Utøvarar, institusjonar etc. som ønskjer å kome med i HFK sitt program i skulen må sende inn forslag innan 1. oktober. Forslaga blir vurderte for påfølgjande skuleår. Alle uttrykk skal vera med i programmet. Vi ønskjer også over tid variasjon innan kvart uttrykk, forskjellige visnings-/ spelearenaer og formidlingsmåtar.

HFK legg fagleg og praktisk vurdering til grunn for samansettinga av kunst- og kulturprogrammet i skulen. Med bakgrunn i dette er det etablert faggrupper og fagleg råd for å styrke arbeidet med kunst- og kulturformidlinga i skulen. Fagleg råd fekk hausten 2015 mandat til å definere særskilde satsingar og fatte endeleg avgjerd om innhaldet i programmet.

Programmet omfattar også musikkproduksjonar som er produserte eller utvalde av musikkprodusentane i Hordaland fylkeskommune. Desse er ikkje vurderte av faggruppene og fagleg råd, men er i hovudsak godkjende av Rikskonsertane sitt programråd.

Nye musikkproduksjonar til grunnskulen blir vurderte etter litt andre prosessar en dei andre uttrykka. Dette på grunn av samarbeidsavtale med Rikskonsertane. Dersom musikkproduksjonar som er foreslått inn i programmet ikkje tilfredsstiller krava som kjem fram av utlysinga, vil musikkprodusentane i HFK gå til Rikskonsertane sin programbank, eller finne eigna utøvarar i fylket. For å sikre fornying i ordninga skal det produserast nye musikkproduksjonar kvart år.

Prosess for skuleåret 2016-2017

Frist for å kome med forslag til innhald i programmet for 2016-2017 var 1. oktober 2015. Innan fristen kom det forslag om 250 produksjonar.

Fagleg råd vedtok 3. mars 2016 å ta 46 av produksjonane inn i programmet, samt ein av to musikkproduksjonar til grunnskulen. Volumet på musikkprogrammet til grunnskulen er ikkje avklart, og er derfor vedtatt i prioritert rekkefølgje. I tillegg omfattar programmet ein figurteaterproduksjon med eit kompani frå Normandi. Denne er tatt inn med bakgrunn i HFK sitt samarbeid med Region Normandie.

Alle forslaga er vurderte av faggrupper, før HFK har arbeidd fram forslag til endeleg program med bakgrunn i faggruppene sine innstillingar og med omsyn til kva skulane har hatt tidlegare og variasjon i uttrykk, formidling og arena.

Følgjande vart vedtatt i fagleg råd 3. mars 2016:

1. Program for kunst- og kulturformidling i skulen for skuleåret 2016-2017 omfattar følgjande produksjonar:

Dok.nr. sak 2015/8813	Namn gruppe/utøvar	Tittel på produksjonen	Sjanger	Innstilling
118	Brass Bravoure/ Roar Fagerli, Elise Fagerli, Helen Reigstad, Isabel Måsvær Lydersen	Samtidsmusikk	Musikk	1. prioritert til samtale (1.-7.)
120	Line Joa Tvedt, Kato Nogva Flem, Stefan Peter Bivand	Historien om en soldat	Musikk	2. prioritert til samtale (1.-7.)
36	Kim Wifladt og Petter Richter	Dirty beasts/Fæle dyr	Musikk	Bokbåten
148	Lyden av Aurora – Sigbjørn Apeland, Øyvind Skarbø, Fredrik Rysjedal	Lyden av Aurora	Kunstartar i samspel	Vgs
108	Ingerlise Størksen	Å lage musikk kan du også gjøre!	Musikk	Vgs
161	BIT20 Ensemble	Vi komponerer!	Musikk	Mellomtrinn
35	Anna R. Folkestad	Besta og Bo	Litteratur	Småtrinn
74	To menn og en tavle/Svein og Egil Nyhus	To menn og en tavle	Litteratur	Små- og mellomtrinn
146	Bjørn Ousland	BISK - En tegneseriefortelling	Litteratur	Småtrinn og Bokbåten
218	Jan Tore Noreng	Kanin med maskingevær - skriveverksted	Litteratur	Mellomtrinn
115	Atle Hansen	Kor får du ideane frå?	Litteratur	Mellomtrinn
135	Elin Grimstad	Månen som ville lyse som ei sol	Kunstartar i samspel	3.-6.
5	André Ulveseter	Ett ord – bilder i kampen mot særskrivingsfeil	Litteratur	Ungdomstrinn
149	Olav H. Hauge-senteret, Per Olav Hoff Mydske og André Jarnvig Jensen	"Ein nordmann likar ikkje å vera våpenlaus"	Kunstartar i samspel	Ungdomstrinn

112	Mehda Zolfaqari og Per Jostein Aarsand	Abraham i Bibelen og Koranen	Litteratur	Ungdomstrinn
164	Sunniva Relling Berg	Å utforske verda med ord	Litteratur	Vgs
53	Per Ivar Martinsen	"Hei, jeg er et dikt!" - Forfatterbesøk med skriveverksted	Litteratur	Vgs
238	Eli Fossdal Vaage	Hekla Mytar. Om tekst og identitet.	Litteratur	Vgs
117	Ferdigsnakka LIVE, v/ Synne Øverland Knudsen	Ferdigsnakka LIVE	Kunstartar i sams spel	Vgs
153	Liv Brita Brodal	Gutten som gikk til Nordavinden	Litteratur	Bokbåten
169	Nynorsk kultursentrum	Snakk om språk!	Kulturarv	Ungdomstrinn
52	Morten Kutschera / Kutschera Crafts	Ei reise til steinalderen	Kulturarv	Mellomtrinn
221	Dino Murselovic (regissør)	Aurora Borealis (kortfilm)	Film	Mellom- og ungdomstrinn
230	Livlaga animasjon	En reise gjennom filmhistorien./Animasjonslabb	Film	Mellomtrinn
19	Eli Gunnvor Grønsdal	Dit peppern gror	Film	Mellomtrinn
180	Filmhjelp.no	Filmhjelp.no	Film	Ungdomstrinn
2	Bergen internasjonale filmfestival	Dokumentarfilmtematikk 2016	Film	Vgs
43	David Alræk	Til månen med bestefar	Film	Vgs
67	Open Window Theatre	Snill	Scenekunst	Småtrinn
246	Katja Brita Lindeberg Produksjoner	Om bare Lyseblå kunne bli superhelt	Scenekunst	Småtrinn
60	Sagliocco Ensemble	Voff!Art	Scenekunst	Små- og mellomtrinn
183	Arvtakarane, v/ Halldis Folkedal	Spring, dans, hopp, aldri stopp!	Scenekunst	Mellomtrinn
	Company Akselere	Sleeping Beauty	Scenekunst	Ungdomstrinn
151	Rasmus Jørgensen	OSS TO - en énmannsforestilling	Scenekunst	Ungdomstrinn
200	Hordaland Teater	"Eg ringer brørne mine" av Jonas Hassen Khemiri (originaltittel: "Jag ringer mina bröder")	Scenekunst	Ungdomstrinn
123	Arild Brakstad	Det Sorte Gullet	Scenekunst	Ungdomstrinn
93	Helge Jordal med flere	UTESEILEREN	Scenekunst	Vgs
172	BIT Teatergarasjen	Inntil 4 scenekunstproduksjonar	Scenekunst	Vgs
101	Øyvind Hjelmen	Et magisk møte med lyset	Visuell kunst	Mellomtrinn
77	Tor Harald Blom - Jinglepaper Studio	Figurtegning	Visuell kunst	Mellomtrinn
160	Espen Terjesen	Et annerledes tegneseriekurs	Visuell kunst	Mellomtrinn
191	Bergen Zines	Fanzinemaskin!	Visuell kunst	Ungdomstrinn

134	Silje Bergsvik og Anneli Belsvik Aras	Historisk smykke-workshop	Visuell kunst	Ungdomstrinn
133	Rød-Rydland	Evne til uttrykk,- et flertydig blikk på kunst	Visuell kunst	Ungdomstrinn
106	S12 Galleri og Verksted	Hvem er jeg? Et sammensatt selvportrett i glass	Visuell kunst	Vgs
124	Stiftelsen 3,14	Trynet Ditt	Visuell kunst	Vgs
18	Jan Kokkin	Kunstforedrag	Visuell kunst	Vgs
28	Et blikk på hverandre, v/Thomas Winje Øijord	Et blikk på hverandre	Visuell kunst	Vgs

2. Musikkproduksjonar til grunnskulen vert vedtatt med etterhald om avklaring om endeleg volum.
3. Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe, vert nye produksjonar vurdert med bakgrunn i prioriteringar frå faggruppene.

Endringar

Katja Brita Lindeberg Produksjonar sin «Om bare Lysbelå kunne bli superhet» til småtrinnet har i etterkant av vedtaket gått ut av programmet fordi den var fullbooka. Også David Alræk sin «Til månen med bestefar» til vidaregåande skule har gått ut av programmet, då utøvaren er opptatt på anna hald. Omfanget av andre produksjonar til same målgrupper er auka for å oppretthalde det totale omfanget.

Produksjonen «Brass Bravoure» (nr. 118) har vore inne til samtale og er satt på vent grunna omorganiseringa av Rikskonsertane og uavklarte spørsmål knytt til talet på ny-produksjonar som HFK skal ha ansvaret for i skuleåret 2016-2017. Dette gjeld også for produksjonen «Historien om en soldat» (nr. 120).

Følgjande musikkproduksjonar til grunnskuler går inn i programmet for hausten 2016.

Høst 2016	
Eventyret om Maja og musikken	Små- og mellomtrinn
Crossroads	Ungdomstrinn
Tomlane Opp	Små- og mellomtrinn
Weill/Eisler	Ungdomstrinn
Hei Kalas	Små- og mellomtrinn
Møte	Ungdomstrinn
Djonne/Børsheim	Små- og mellomtrinn
Bach goes Hip Hop	Små- og mellomtrinn
68 experience	Ungdomstrinn
Folk til rock	Små- og mellomtrinn
Good vibes	Ungdomstrinn
Wolfgang	Små- og mellomtrinn
Hysj	Små- og mellomtrinn
Jubel og skrubbsår	Små- og mellomtrinn
Rikskonsertene	
Rikskonsertene	
Rikskonsertene	

Rikskonsertene	
----------------	--

Når det gjeld musikkproduksjonar til grunnskulen for våren 2017, lyt ein avvente nærrare avklaring frå Kulturtanken.